

Saksbehandlar: Bjørn Birger Bremer, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 13/7024-4

Evaluering av ordninga: Elev- og lærlingombod

**Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Mobbesaker skal vere ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet. Dette vert innarbeidd i reglementet for ombodet slik: Fyrste avsnittet i §1 får fylgjande tillegg:
«Ombodet skal også arbeide med mobbesaker».
2. Fylkestinget tek saka elles til orientering.

Vedlegg:

Vedlegg som følgjer saka:
Reglement for elev- og lærlingombodet slik det vart vedteke av fylkestinget i sak 56/03.

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

Fylkesrådmannen fekk i fylkesutvalet 21.08.13 i oppdrag å førebu ei sak der vi evaluerer ordninga med elev- og lærlingombod. Dette med bakgrunn i debatten i fylkestinget 11. juni same år under sak 13/13, der årsmeldinga frå ombodet for skuleåret 2012/2013 vart handsama.

Fylkestinget oppretta ordninga med elev- og lærlingombod som ei treårig prøveordning i 2004, sak 56/03. I 2007 vedtok fylkestinget i sak 20/07 at ordninga skulle bli fast.

Ordninga med elev- og lærlingombod er ei frivillig ordning. I følgje reglementet er ombodet sitt arbeidsområde alle dei vidaregåande skulane og alle lærebedrifter som tek del i opplæringa av elevar og lærlingar. Ombodet skal arbeide for at elevar og lærlingar ikkje lir urett, for at undervisningspersonalet oppfyller sine plikter etter opplæringslova og for at skulane følgjer dei sentrale styringsdokumenta for elevane sine rettar og plikter.

2. Enkel evaluering

Fylkesutvalet godkjende i sak 108/13, pkt. 4, at evalueringa skulle leggjast opp på ein enkel måte og då med grunnlag i dei merknadane som kom i fylkestinget ved handsaminga av årsmeldinga for 2012/13.

Under handsaminga av årsmeldinga noterte vi fylgjande merknader:

1. Ombodet bør bli meir aktiv på sosiale media, spesielt Facebook.
2. Det bør bli nærare dialog mellom ombodet og hovudutval for opplæring og fagopplæringsnemnda.
3. Kapitla 12 og 18 i årsmeldinga bør bli meir konkrete. Dette gjeld:
«Døme på problemstillingar frå elevar som dei har fått hjelp til å ta opp med lærar/rektor»
«Døme på problemstillingar frå lærlingar som dei har fått hjelp til å ta opp med overordna»

4. Ombudet bør lage handlingsplan med mål og tiltak for perioden.
5. Vi bør sjå framlegget om oppretting av mobbeombod i samheng med elev- og lærlingombudet.

Desse merknadane vert fylgt opp slik:

- Pkt. 1-4 vert innarbeidde/rapporterte i årsmeldinga frå ombudet for skuleåret 2013/14.
- Pkt. 5 vert vurdert av fylkesrådmannen - etter samråd med elev- og lærlingombudet - i denne saka.

Oppfylging av pkt. 1:

«Ombudet bør bli meir aktiv på sosiale media, spesielt Facebook».

Profilen «Elev- og lærlingombudet i Sogn og Fjordane» vart oppretta på Facebook hausten 2013. Jf. årsmeldinga for skuleåret 2013/14 (side 4) frå ombudet, som vert lagt fram som eiga sak (for FT), parallelt med denne saka.

Oppfylging av pkt. 2:

«Det bør bli nærare dialog mellom ombudet og hovudutvalet for opplæring og fagopplæringsnemnda».

Ombudet har som mål å delta oftare på desse møta. Sjå nemnde årsmelding side10.

Oppfylging av pkt. 3:

«Kapittel 12 og 18 i årsmeldinga bør bli meir konkrete. Dette gjeld:
«Døme på problemstillingar frå elevar som dei har fått hjelp til å ta opp med lærar/rektor»
«Døme på problemstillingar frå lærlingar som dei har fått hjelp til å ta opp med overordna»».

Sjå side 6-8 i nemnde årsmelding, der sakene i større grad konkretiserte.

Oppfylging av pkt. 4:

«Ombudet bør lage handlingsplan med mål og tiltak for perioden».

Sjå side 10-11 i nemnde årsmelding der ombudet har utarbeidd handlingsplan.

Oppfylging av pkt. 5:

«Vi bør sjå framlegget om oppretting av mobbeombod i samheng med elev- og lærlingombudet.»

Fylkesrådmannen har bedt om å få vurderinga til elev- og lærlingombudet av dette. Ombudet skriv fylgjande (9. mai 2014):

«Elev- og lærlingombudet får per i dag inn problemstillingar/saker av ulik art frå elevar og lærlingar. Opplæringslova § 9A omhandlar regelverket for skulemiljøet. Av totalt 227 problemstillingar skuleåret 2013/2014 er det berre 8 av desse som konkret kjem inn under opplæringslova § 9A. Desse 8 sakene var ikkje opplevd som mobbesaker, og dei lot seg løyse etter samtale med dei involverte partane.

Elev- og lærlingombudet legg vekt på å jobbe førebyggjande, og komme tidleg på bana med råd og rettleiing når konfliktrar, ev. mobbing, oppstår. På spørsmål frå fylkesrådmannen om det vil vere ei god løysing å innarbeide mobbesaker som ei av oppgåvene til ombudet, er svaret ja. Fleirtalet av dei andre omboda i landet har også den oppfatning at mobbesaker naturleg høyrer inn under eksisterande ordning med elev- og lærlingombod.

Elev- og lærlingombudet har grunn til å tru at skulane og lærebedriftene i Sogn og Fjordane er flinke til å tydeleggjere nulltoleranse når det gjeld mobbing, og viser til følgjande paragraf i opplæringslova:

Opplæringslova § 9a-3 andre ledd

«Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og varsle skuleleiinga, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.»»

3. Vurdering/konklusjon

Fylkesrådmannen har ikkje noko å merke til oppfylginga frå elev og lærlingombodet av merknadane frå fylkestinget i 2013.

Fylkesrådmannen er og samd i at det vil vere ei god løysing å innarbeide mobbesaker som ei av oppgåvene til elev- og lærlingombodet, og tilrår at dette vert gjort. Hovudgrunnen til dette er at mobbesakene høyrer naturleg til under elev- og lærlingombodet.